


Planstatus gbnr. 127/105

Gjeldande reguleringsplan, Mongstad Industriområde 1263-20062002

Detaljplanen er del av ein eldre reguleringsplan først vedtatt i 2002, men med fleire endringar der siste er datert i 29.09.2010. Planframlegget innehar føresegner og plankart. Andre dokument som planskildring og ROS-analyse er ikkje registrert.

Gnr. 127 bnr. 105 er gjeldande plan regulert til industri. I tilknytning til industriområde er det regulert eit kai- og hamneområde med offentleg eigarform. Byggegrense mot offentlege vegareal sikrar siktforhold mv.



Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan

Jf. føresegnene skal området nyttast til industri. Utviklinga av området skal ikkje hindre tilkomst til hamneområdet. Innafor formålet må det sikrast nok areal til parkering og manøvrering av køyretøy.

I det offentlege hamneområdet er det tillat med hamnelager eller hamnerelatert verksemd. Konstruksjonar som kan reduserer tilkomst kai og hamn er ikkje tillat å oppføra.

Gjeldande kommunedelplan for området er kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad planid 1263-200905. Denne vart vedtatt 16.06.2010, og jf. pbl §1-5 går reguleringsplan føre kommunedelplan. I plankartet ligg området også i sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan.

Samanfatning

Statsforvaltaren ber kommunen vurdere om tiltaket det er søkt om er i tråd med gjeldande plan- og reguleringsvedtak for området. Planen har låg detaljeringsgrad i høve føresegna som er knytt til industri, men tiltaket er i samsvar med formålet. Videre er både kai og hamn regulert som offentlege, og det omsøkte tiltaket må ikkje redusera eller hindra tilkomst til desse areala.